



Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker

| | | | |
|---|--------------------------|--|---------------------|
| Fullstendig navn/firma Tommeliten AS Glidbjørgvegen 16 | | Organisasjonsnummer 979800932 | |
| Postadresse Bykle | Postnummer 4754 | Sted Bykle | Land Norge. |
| Telefonnummer 37939132 | Mobiltelefon 91605132 | E-postadresse kay.jeiskelid@istorm.no | Hjemmeside ingen |

2. Opplysninger om området

| | | |
|--|---|---|
| Navn på uttaksområdet/uttaket Hæknemoen | Uttaksområdets gårds- og bruksnummer Del av gnr 3 bnr 20 | Kommune |
| Størrelse på omsøkt areal (daa) ca 71 dekar | Anslag totalvolum uttak (m ³) Ca inntil 200 000 m3 | Forventet årlig uttak (m ³) 1500-2000 m3 |

3. Opplysninger om forekomsten

| | | |
|--|--|--|
| 3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten? | Grunneiers mineraler <input checked="" type="checkbox"/> | Statens mineraler <input type="checkbox"/> |
|--|--|--|

| | | |
|---------------------------------------|-------------------------------------|---------------------------|
| 3.2. Drives det på forekomsten i dag? | Ja <input checked="" type="radio"/> | Nei <input type="radio"/> |
|---------------------------------------|-------------------------------------|---------------------------|

| |
|--|
| 3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet): |
|--|

Det er hovedsak grusmasser / sam masser og ein del kulestein som kan brukes til pukk etter knusing. Den støpesanden som vart tekjen ut var av god kvalitet,(etter Unico AS sin vurdering)



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel **Massetak.**

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja Nei

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: **HÆKNEMOEN MASSETAK**

Vedtaksdato: **20.01.2010.**

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja Nei

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrengeinngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel
- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

| | | |
|-----------|---------------|-----------|
| Saksnr. | Dok.nr. | Udd. |
| 1501891 | | |
| Vedlegg | 25 SEPT. 2017 | Saksbehd. |
| Sakskutte | Forfall. | |
| | | |
| | | |

5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.

7. Underskrift


Sted og dato

Brykke 20.09.2017

Underskrift

Tommeliten H/SV / Kjet Arne Feiskeland

Hæknemoen massetak i Bykle kommune



Tegnforklaring

Konsesjonsområder

Kart produsert ved DMF 05.11.2019

UTM 33

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF); Direktoratet for Mineralforvaltning; Direktoratet for mineralforvaltning (DMF); Kartverket, Geovest og Kommuner - Geodata AS; Directorate for mining with the commissioner of mines at Svalbard

Hæknemoen massetak i Bykle kommune

Konsesjonsområde

Under behandling

71 DAA

948 Hæknemoen massetak

Tegnforklaring

Konsesjonsområder

Kart produsert ved DMF 05.11.2019

UTM 33



1:7 000

695000000

0000000

0.125

0.25

0.5 Kilometer

705000000

0000000

710000000

0000000

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF); Direktoratet for Mineralforvaltning; Kartverket, Geovest og kommuner - Geodata AS; Directorate for mineralforvaltning (DMF); Directorate for mining with the commissioner of mines at Svalbard

Innhold

| | |
|---|---|
| 1. Driftsplan | 2 |
| 1.1 Buffersoner, skjerming og avgrensning | 2 |
| 1.2 Støy, støv og avrenning..... | 2 |
| 1.3 Uttaksvolum og tid | 3 |
| 1.4 Etappevis uttak | 3 |
| 1.4.1 Etappe 1..... | 4 |
| 1.4.2 Etappe 2..... | 5 |
| 1.4.3 Etappe 3, 4 og 5..... | 5 |
| 1.4.4 Etappe 6..... | 5 |
| 1.5 Utstyr som brukast i driftsperioden..... | 5 |
| 2 Avslutningsplan | 6 |
| 2.1 Ny arealbruk..... | 6 |
| 2.2 Utbyggjingsavtale - avslutningsfond | 6 |

1. Driftsplan

Det er utarbeidd eige driftsplankart med tilhøyrande tverrsnitt som er juridisk bindande ved vedteken reguleringsplan. Driftsplanen skal godkjennast av Bergvesenet før det er tillete å starte uttaket i området.

1.1 Buffersoner, skjerming og avgrensning

Uttaksområdet for massetaket avgrensar seg i sør til det arealet som alt er påverka av uttak, 37da (eksisterande uttaksgrense er teikna inn på plankartet). I nord går lausmasseryggen som uttaket har føregått frå vidare nordover og her er det tatt med eit utvidingsområde på 34da for å sikre vidare drift og ei god avslutning av massetaket med spleising til eksisterande terrenget i nord og jorde på vestsida av område. Totalt er uttaksområde på 71da.

I vest følgjer uttaksgrensa kanten til jordet som ligg her i dag og tanken er å samanføye uttaksområdet med dette jorde ved avslutning av massetaket. I austkant er det lagt inn ein buffer på minimum 10m til Krokebekk og uttaksområde følgjer elles lausmasseryggen inntil Takevjemyran vidare nordover. Heilt i nordkanten skjer uttaksområdet over lausmasseryggen som held fram eit godt stykke lengre nord og her vil det bli ein bakkekant frå botn av uttaksområdet og opp til eksisterande terrenget på om lag 5m.

Uttaket vil føregå i forlengjinga av lausmasseryggen som går i nord-sør retning igjennom området parallelt med Otra og ta ut denne ned til nivå med tilgrensande terrenget i vest og aust. Det vil også bli tatt ut massar inntil 4m under dette nivået (etappe 6; nærmere omtala under avsnitt om etappevis drift), men dette uttaket skal tilbakefyllast med lausmassar og avslutta nivå på uttaksområdet skal følgje nivået til tilgrensande terrenget i vest og aust. Landskapsbiletet vil såleis ikkje påverkast mykje av uttaket og det vil heller ikkje verte særleg synleg frå Rv. 9.

1.2 Støy, støv og avrenning

Sør for uttaksområdet, omtrent 200m ifrå dette og 100m frå industriområdet ligg det eit eksisterande hyttefelt som er regulert inn i planforslaget. Her er det eit potensielt konfliktgrunnlag. Frå hyttefeltet er ikkje uttaksområdet eller industriområdet synleg, men tungtrafikk, støy og støv vil kunne føre til ulemper for hyttebeboarar.

For å unngå tung gjennomgangstrafikk gjennom hyttefeltet er det regulert inn ny tilkomstveg til massetaket og industriområdet (nærmere omtala under kap 5.4, Privat veg i planomtalen). På denne måten skapast ein betre buffer til fritidsbustadfeltet og dei slepp tung gjennomgangstrafikk i feltet med dei ulempene som dette medfører.

Uttaket skal drivast med gravemaskin og mobilt harpeverk/knuseverk og det er evt. støy frå knuseverket samt evt. støy frå industriområdet som kan verke sjenerande for hyttefeltet sør for uttaksområde. Grøntsona med fureskog mellom massetaket/industriområdet og hytteområdet verkar dempande for evt. støy- og støvplage.

Dagens harpe- og knuseverk genererer ikkje mykje støy og tiltak for å dempe støyen ytterlegare er å plassere harpeverket bakom lagringsrankane med opplagra lausmassar. Det er tatt med i føresagnene at dersom drifta frå massetaket eller industriområde visar seg å

overstige gjeldande grenseverdiar for støysoner frå slik drift, 55 dB, målt ved hytteområdet sør for området skal det iverksetjast støydempande tiltak. Det er ikkje truleg at støyen frå drifta av massetaket vil medføre støyproblem for hyttefeltet og støyen frå Rv. 9 vil truleg vere ein meir skjenerande faktor.

Støv frå området kan vera eit potensialt problem i tørrversperiodar, men sidan lausmassane som takast ut ikkje inneheld finpartiklar som silt og leire er ikkje faren særleg stor. Tiltak mot dette er vatning i tørværsperiodar. Dette er nedfelt i føreseggnene.

Driftsperioden er også avgrensa til kl 07.00 – 22.00 og skal ikkje føregå i helger eller på høgtidsdagar, noko som også er med på å dempe konfliktpotensiale med hyttefeltet ytterlegare ettersom det er i desse aktuelle tidsromma at fritidsbustadane blir mest nytta.

Avrenning frå området til Krokebekk kan verte eit problem sjølv om det er lagt inn buffersoner mot vassdraga. Avrenning til Otra er ikkje noko potensielt problem med det at avrenninga frå området vil gå via Krokebekk og avstanden til Otra er for stor til at dette kan utgjere noko problem. Det er av den grunn nedfelt i føreseggnene at dersom tilsynsmyndighetene kjem til at avrenning frå området blir eit problem skal det anleggast slamlagune/sedimenteringsbasseng mot Krokebekk.

1.3 Uttaksvolume og tid

Uttakspotensialet i massetaket er tippa til å ligge på omkring 200 000m³. Leveranse frå massetaket vil ha et regionalt eksportområde på omkring 50 km og den viktigaste eksportartikkelen vil vere fundamenteringssmasse og støypesand til byggjeprosjekt. Dersom ein tar høgde for at massesalet i området vil liggje på omkring 10 000 – 20 000m³ per år vil dette tilsvare i gjennomsnitt omkring 10 lastebilkøyringar frå massetaket kvar dag ved bruk av vanlige lastebilar (8m³) og ca 200 arbeidsdagar i året. Driftsperioden til massetaket er med bakgrunn i dette sett til maksimalt 15år etter at planen er godkjend i kommunestyret. Driftsperioden er også avgrensa til mandag – fredag mellom kl. 07.00 – 22.00, og skal heller ikke føregå på offentlege høgtidsdagar.


1.4 Etappevis uttak

Uttaksområdet er på 71da. Dette er igjen inndelt i mindre etappeområde for å styre uttaksretning, drift og istandsetting. Piler for drivretning er også avmerka på plankartet.

Uttaket i området vil føregå i 6 etappar, sjå driftsplankart og lengdesnitt av driftsplanen. Lengdesnitta er avmerka på driftsplankartet, men pga dårlig kartgrunnlag med 5m koter i det aktuelle området er dette for dårlig grunnlag til å utarbeide presise profilar. Lausmasseryggen er under 5m høg og kjem ikkje fram ved utarbeiding av digital terremodell. Av den grunn er lengdesnitta utarbeidde skissemessig etter gissa kotehøgder (dette gjeld høgdene over 670moh inne i uttaksområdet). Likevel gir dei skissemessige lengdesnitta eit godt bilet av korleis uttaket vil gå før seg.

Drifta i dei ulike etappeområda kan først starte etter at planen er godkjend i kommunestyret og driftsplan/avslutningsplan er godkjend av Bergvesenet. Godkjend avkjøring med frisiktsoner frå Rv 9 og frå den kommunale vegen i sør skal også vere opparbeidd. I tillegg skal ny tilkomstveg inn til uttaksområde og industriområde opparbeidast.

Etappeområda skal drivast frå dagens uttaksområde og nordover. Dagens uttaksområde er teke ut ned til avsluttande nivå og i dette område skal ein ikkje take ut ytterlegare lausmassar (med unntak av etappe 6, sjå nærmare omtale). Avslutta bakkenivå for uttaket skal følgje hellinga i tilstøytande terrenget i vest og aust og stig svakt i nordgående retning, sjå lengdesnitta.



1.4.1 Etappe 1

Første etappen er på 18da og dekkjer omrent halvparten av det området som alt er teke ut. Nivået i uttaksområde ligg på omtrent 699moh. Her skal det ikkje føregå ytterlegare uttak og fyrste etappe går såleis ut på å opparbeide driftsvegen gjennom området inn til riggplassen, etablere rigg-plassen og ferdigstille dette uttaksområdet. Driftsutstyr og etterlatenskapar, samt ulike opplagra masser skal då fjernast frå området og bakkenivå skal jammast ut som vist i lengdeprofilane til planen og tilbakeførast jordmassar for seinare bruk til jordbruksføremål.

1.4.2 Etappe 2

Etappe 2 område er på 19da og dekkjer resten av området som alt er teke ut. Nivået i uttaksområdet ligg på omtrent 699moh. Her skal det ikkje føregå ytterlegare uttak (med unntak av etappe 6, sjá nærmare omtale) og andre etappe går ut på å ferdigstille dette uttaksområdet. Driftsutstyr og etterlatenskapar, samt ulike opplagra masser skal då fjernast frå området og bakkenivå skal jamnast ut som vist i lengdeprofilane til planen. Området aust for etappe 6-området tilførast jordmassar for regegtering og seinare etterbruk til jordbruksføremål.

1.4.3 Etappe 3, 4 og 5

Etappe 3, 4 og 5 er på 12, 10 og 12da og skal driftast på same måte i nordgåande retning. Det første som skjer i kvart etappeområde er å avdekke jordmassar i topssjiktet og lagre opp dette innan rigg-området for seinare tilbakeføring. Deretter gjennomfører ein uttaket i den enkelte etappe og ferdigstiller botnnivå av uttaket iht. lengdesnitta til planen. Ved avslutning av kvar etappe skal driftsutstyr og etterlatenskapar fjernast frå området. Ved avslutning av etappe 5-området skal det opparbeidast ein slak stigning på omtrent 15% opp til eksisterande terreng i nord og aust som vist i lendesnitt A. Ny kote på 670moh er avmerka på driftsplankartet ca 20m frå slutten av uttaksområdet.

Ved avslutning av etappeområda skal avslutta uttaksområde som ikkje skal nyttast i etappeområde-6 tilbakeførast jordmassar for regegtering og seinare etterbruk til jordbruksføremål.

1.4.4 Etappe 6

Etappe 6-området er på 22da og strekkjer seg i nordgåande retning over etappe 2, 3, 4 og 5 områda. I dette etappeområde er det høve til å take ut massar inntil 4m ned i lausmassane ut ifrå avslutta bakkenivå. Det er i dei nedre laga av lausmasseavsetninga det har vist seg at dei største forekomstane av støypesand ligg og det er difor svært verdifullt å take ut massar i dei djupare laga av avsetninga. Kor stor utstrekning støypesandforekomstane har er ikkje lett å anslå utan større tekniske undersøkingar av området med georadar og sonderboringar. Området avsett til uttak i etappe 6-område er skravert inn på lengdeprofilane til planen, men det vil i praksis ikkje verte teke ut like mykje masse som det er teikna inn på desse snitta. Uttaket vil under drifta i området formast etter kor støypesandforekomstane ligg og det skraverte område på lengdesnitta er såleis berre ytterramma for kva som kan bli påverka.

Etter sluttført uttak i etappe 6-området skal heile dette område tilbakefyllast med lausmassar og planerast til avslutta bakkenivå som vist på lendesnitta for området. Lausmassar for tilbakefylling av området kan kome frå vrakmassar andre stadar i regionen rundt.

1.5 Utstyr som brukast i driftsperioden

Det utstyret man regner med å bruke i driftsperioden av uttaket er:

- Gravemaskin
- Hjullastar
- Mobilt harpeverk og knuseverk
- El-aggregat

Produksjonsperioden i massetaket vil vera 1-2 gonger i året. Mobilt harpeverk vert köyrt til området og stasjoner i 5-10 dagar for produksjon av ulike grusgradientar. Dei ulike sortiment vert lagra i rankar og lasta opp på vanleg lastebil av shovel. Berre i unntaksvis vil det verta nytta knuseverk i tilknyting til harpeverket.

| Maskin | Anteke lydeffekt L_{WA} dB | Effektiv driftstid i massetaket % |
|-----------------|---------------------------------|---|
| Knusar | 120 | 5 |
| Hjullastar | 114 | 80 |
| Gravemaskin | 114 | 80 |
| Lastebil/dumpar | 90 | 70 |
| El-aggregat | 90 | 5 |

Som ein ser er dette temmeleg ordinær drift og ikkje meir støy enn det vert generert frå landevegstrafikk.

2 Avslutningsplan

Det er utarbeidd avslutningsplan for området med eige plankart. Utforming av det avslutta uttaksområdet med ferdigstilt bakkenivå er også avmerka på lengdeprofilane for området med raud strek. Prinsippet i desse snitta er juridisk bindande ved vedteken plan.

Etter at alle etappeområda er avslutta og planert til avslutta bakkenivå iht. lengdesnitta til planen skal evt. driftsutstyr og andre etterlatenskapar frå drifta, samt opplagra lausmassar i riggområdet, fjernast frå heile uttaksområdet samt riggområdet og tilbakeførast jordmassar for seinare bruk til jordbruksføremål. Dette gjeld driftsvegen inn til uttaksområdet også.

2.1 Ny arealbruk

Etter at avslutningsarbeidet er gjennomført og godkjend av tilsynsmyndigheitar skal følgjande reguleringsføremål gjelde for områda:

1. **Jord og skogbruk** – Tidlegare rigg-område og uttaksområde.
2. Elles gjeld reguleringsføremåla fastsett i reguleringsplanen for området.

Området med stiging opp til eksisterande terrenget nord for den påteikna 670m kota skal revegterast til skogsområdet som vist på avslutningsplankartet. Uttaxsområde elles på 68da samanføyast med eksisterande jorde på vestsida av uttaksområdet og får ny funksjon som dyrka mark.

2.2 Utbyggingsavtale - avslutningsfond

For å sikre finansiering av avslutningsarbeidet er det opna opp for, gjennom rekkjefølgje-bestemmelsane til planen, at det gjennom forhandlingar om Utbyggingsavtale mellom kommunen og grunneigar/entreprenør kan forhandlast om evt. opprettning av fond til avslutningskostnad. Desse forhandlingane skal gjennomførast før nye etappar i massetaket opnast og er nedfelt som eit eige punkt i rekkjefølgjeføreseggnene.

Valle den 17. februar 2009

Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS
Pb 95, 4747 VALLE,
post@plankontoret.no
Telefon 379 37000
ORG.NR. 976010744MVA
Bankkonto: 2890.05.26476

Avdelingskontor:


3890 Vinje, 41690212, astettin@plankontoret.no
4973 Vegårshei, 91547813, eiaas@plankontoret.no
3810 Gvarv, 41510516, taeriksen@plankontoret.no


PÅBYRIA MASSETAK 2009
FOR REGLING.
















New Tab X MyWay X Norge bilder X +

https://www.norgebilder.no

NORGE i BILDER ⌂ ⌃ ⌄ ⌅ ⌆ ⌇ ⌈ ⌉ ⌊ ⌋ 3D

Søk sted og koordinate ⌂ ⌃ ⌄ ⌅ ⌆ ⌇ ⌈ ⌉ ⌊ ⌋ Logg inn

Euref89 UTM33
6611185 N
70123 E

Bildesok Kartlag Siste prosjekter

Fotoår 1900 - 2019

Prosjektnavn

Dekningsnr.

Type Velg alle ortofoto

Sok bilder i kartutsnitt

Søk Nullstill

Bilder innenfor kartutsnitt

RIGG

Info

Kartverket, NBIO og Statens vegvesen

2019: TILBAKEFYLT OG KULTIVERT, AVSLUTTA OG
GIJRT KLART FOR GRAS PRODUKSJON.





A screenshot of a web browser displaying the "Norge i bilder" (Norway in Pictures) website. The main view is a satellite map of a dense green forest. A prominent feature is a large, irregularly shaped clearing in the center, outlined by a thick white boundary. To the left of this clearing, there is a dark, elongated area with a lighter-colored path or clearing running through it. The top of the screen shows several tabs: "New Tab", "MyWay", "Norge i bilder", and a search bar with the URL "https://www.norgebilder.no". On the right side, there is a search interface with fields for "Bildesøk" (Search images), "Fotoår" (Year), "Prosjektnavn" (Project name), "Dekningsnr." (Coverage number), "Type" (Type), and a checkbox for "Søk bilder i kartutsnitt" (Search images in map snippet). Below these fields is a green "Søk" (Search) button. At the bottom right, there is a small "Info" button. The bottom of the page contains a footer with the text "Kartverket, NIBIO og Statens vegvesen".

FLYFOTO 2017

Plankontoret Hallvard Homme AS
Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE,
post@plankontoret.no
Telefon 379 37000
ORG.NR. 976010744MVA, Bankkonto: 28

Avdelingskontor:
Kristiansand, Tangen 11,
4.etg.






Grøn linje = antatt terrenget
Rød linje = avslutta bakkenivå
Stipla linje = etappegrense

Kay Jeiskelid
Hæknemoen - TVERRPROFIL
Lengdeprofil

Plankontoret H. Homme AS
4747 Valle
Tel: 37 93 70 00. E-post: post@plankontoret.no

| | |
|--------------|-------------------|
| Tegne av: | TAE |
| Dokumentant: | Prosjektsentral |
| Dato: | Mars 2008 |
| Prosj.nr: | 1: 1500 1: 100 |
| Tegnr: | 2222 |
| Rev: | 1 |




Grøn linje = antatt terrenget
Rød linje = avslutta bakkenivå
Stipla linje = etappegrense

Kay Jeiskelid
Hæknemoen - TVERRPROFIL
Lengdeprofil

Plankontoret H. Homme AS
4747 Valle
Tlf. 37 93 70 00, E-post: post@plankontoret.no

| | |
|-------------|-------------------|
| Tegne av: | Sekretærnr: |
| Sekretærnr: | Prosjektnr: |
| Dato: | Mannskap: |
| Pris nr: | 1: 1500 1: 100 |
| Tegn nr: | 1 |
| | Rev: |





Grøn linje = antatt terren
Rød linje = avslutta bakkenivå
Stipla linje = etappegrense


Kay Jeiskelid
Hæknemoen - TVERRPROFIL
Lengdeprofil


Plankontoret H. Homme AS
4747 Valle
Tlf. 37 93 70 00. E-post: post@plankontoret.no

| | |
|-----------------|-------------------|
| Tegn av: | Saksaferdor: |
| | TAE |
| Skjemaoversikt: | Prosjektskrift |
| Dok: | Meldende |
| Pris nr: | 1: 1500 1: 100 |
| Tegn nr: | 2222 |
| | 1 |
| | Se. |









Notat

Tilleggsinfo knytta til søknad om driftskonsesjon,
Hæknemoen i Bykle kommune/P-2222

1 Innleiing

DirMin har etterspurt ytterlegare informasjon i til melding gitt i oversending i april 2019, jfr. brev til Plankontoret Hallvard Homme AS, datert 7.10.2019. Tommeliten AS, v/K. Jeiskelid har fått info om det same.

Underskrivne har hatt samtalar med konsesjonshavar og vore på synfaring den 15. okt. 2019. I det fylgjande vert spørsmåla frå DirMin besvara.

2 Tilsvar

Spørsmål A:

- I søknadsskjema er det oppgitt årlig uttak på 1 000 – 2 000 m³ masser mens det i forslag til driftsplan er oppgitt 10 000 – 20 000 m³. DMF ønskerat det korrigeres til korrekt verdi.

Svar: Reguleringsplanen for Hæknemoen grusmassetak, med påfylgjande driftsplan, vart utarbeidd med den hensikt å kunne utvinne ein støypesand av ein heilt spesiell kvalitet. Bakrunnen var at sanden skulle nyttast ved bygging av ein 60 m høg betongdam (Sarvsdammen i Bykle kyrkjebygd). Betongkonstruksjonen er heilt spesiell, og kravde ein betongkvalitet som var mulig å produsere berre med tilgang på sand frå det aktuelle massetaket Hæknemoen. Dammen vart bygt i tidsrommet 2012-2014. Totalt tilslagsvolum var i samsvar med tabell under (gjengitt frå rapporten frå Unicom):


Produksjon på Bykle for Unicon AS.

| MASSE | 2012 | 2013 | 2014 | SUM |
|----------|---------|---------|--------|----------|
| 0-8 mm | 14876,3 | 21553 | 2639,8 | 39069,1 |
| 8-16 mm | 4156,45 | 7620,05 | 439,55 | 12216,05 |
| 16-32 mm | 3264,2 | 6324,1 | 488,7 | 10077 |

3 +

I sum er dette **61 362 tonn** i desse 3 ekstraordinære driftsåra. Uttaket var difor dei første driftsåra ca. 20.000 tonn (8.000 m³) pr. år i snitt. Under anleggstida hadde dambyggjaren eigen betongblandestasjon inne i taket.

Driftsplanen måtte ta høgde for dette spesiell uttaket for ein etterspørsel som var av heilt unormal karakter.



Etter at dammen vart ferdigstilt er marknaden for støypesand begrensa og i dag går det små mengder til betongproduksjon. Det meste av det årlege uttaket går til eige bruk i anleggsverksemda Tommeliten AS i forbindelse med tomteutbygging/vegbygging.

Uttaket er i det heile styrt av etterspørseren og forventa uttak vil vere som opplyst 1.000 - 2.000 m³ pr. år. Driftsplanens pkt. 1.3 ang uttak vil kunne justerast slik:


« 1.3 Uttaksvolume og tid

Attverande uttakspotensiale i massetaket er tippa til å ligge på omkring 30.000m³. Leveranse fra massetaket vil ha eit regionalt eksportområde på omkring 50 km og den viktigaste eksportartikkelen vil vere fundamenteringsmasse og støypesand til byggjeprosjekt. Ein tar høgde for at massesalet i området vil liggje på omkring 1.000 – 2. 000 m³ per år. Driftstida til massetaket er med bakgrunn i dette sett til maksimalt 10-15år frå d.d. Driftsperioden er avgrensa til måndag – fredag mellom kl. 07.00 – 22.00, og skal heller ikkje føregå på offentlege høgtidsdagar.- - »

Spørsmål B:

- Ut ifra informasjon fra hoydedata.no tas det tilsynelatende ut masser ca. ned til kote 666, som er under elvens nivå, i andre etapper enn etappe 6 ved riggområdet i etappe 2, 3 samt 6 (figur 1). Dette fører til en del vann i uttaket og DMF lurer på hvordan tiltakshaver håndterer situasjon og om uttak i etappe 6 skal fortsette som planlagt. I så fall ønsker DMF at dette redegjøres for i forslag til driftsplan. I tillegg er avstanden mellom Otra og uttak målt til ca. 40 m, se figur 2, mens det i reguleringsbestemmelse denne avstand bestemt til 70 m. Dette kan ha innvirkning på stabiliteten til gjenværende masser, særlig ved flom, og derfor ber DMF om at stabiliteten til gjenværende masser vurderes. Tiltakshaver gjøres også oppmerksom på at uttak nært vassdrag kan medføre konsesjonsplikt fra Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) etter vassdragsloven.


Svar: Ved opninga av taket vart hovudmengda av sand med tilstrekkeleg damkvalitet lokalisert til den vestlege delen. Difor vart riggområdet flytta til austsida, der det er i dag. I dette området vart det rigga betongblander i anleggsfasen. Biletet som det vert vist til under dette spørsmålet må skrive seg få det tidsromet det vart plassert avdekkingssmassar på dyrkamarka i vest, for å maksimere uttaket av kvalitetssand. Under den perioden kunne også uttaket kome ned mot 667-666. Denne endringa vart kommunisert til planavdelinga munnleg. I etterkant, 2016, vart avdekkingssmassar tilbakeført og fulldyrka. På det utvida arealet er det hausta grasproduksjon i 3 sesongar. Pr. dag er avstand mellom massetaket s vestkant og elvekanten målt til litt over 60 m. Me det vurderer ein stabiliteten i høve til Otra som heilt upproblematiske. Djupna i dagens uttak med vass-spegl er 1-1,5 m.



Utdrag av reguleringsplan

Med bakgrunn i historisk uttak og rullering av uttaksplanen mot framtidige uttak vil den kunne bli utformet slik:

- Etter 2020 skal drifta i massetaket følgje den etappevis drift og drivretning slik:
 - Etappe 1- og 2-områda er det som alt er påverka uttaksområde og skal ferdigstilla utan ytterlegare uttak. Driftsvegen, etablert i 2013 inn til rigg-området, og anna areal i etappe 1 og arealet aust for etappe 6 i etappe 2-området tilførast humushaldig masse for revegetering og seinare bruk til jord-/skog-bruksføremål.
 - Etappe 3-5 utførast trinnvis ved at jordmassar avflåast frå eit område om gonga og lagrast opp i rigg-området før uttaket av området gjennomførast og avslutta bakkenivå etablerast iht. lengdesnitta til planen.
 - Ved avslutning av etappe 5-området etablerast ei slak stigning på omkring 15% opp til eksisterande terreng og areal som ikkje skal inngå i etappe 6-området tilførast jordmassar for revegetering og seinare tilbakeføring til jord- og skogbruksføremål.
 - Innan etappe 6-området er det høve til å take ut massar inntil 4m ned i grunnen utifrå avslutta bakkenivå i dei andre etappeområda. Dette uttaket skal ved avslutning tilbakefyllast med lausmassar opp til avslutta bakkenivå iht. prinsippet i lengdesnitta til planen.




Spørsmål C:

- En sammenligning av flyfoto og reguleringsplanen for området tyder på at det kan være virksomhet utenfor området som er regulert til massetak. DMF ber om en redegjørelse for dette forhold.

Svar: Under svar B er det gjort greie for avviket mellom Otra og massetaket.

Avviket i nordaust skriv seg frå ein aktivitet som IKKJE dreier seg om massetak, men produksjon av biomasse. Profesjonell aktør fekk rigg-løyve til å produsere biomasse frå hogstavfall frå avskoginga i neddemnings-området (jfr. dammen nemnt under svar A). Dette skjedde i perioden 2016-2017. Påståande skog vart hoggen innanfor eit areal på 1-2 da .

Biomassen er no fjerna til fjernvarmeanlegg på Hovden, restavfallet skal nyttast til overdekkingmasse. Driftsleiar ser ikkje på dette som brot på reguleringsplanen, aktiviteten er eit skogbruksrelatert anlegg.



Plankontoret Hallvard Homme AS

Spørsmål D:

- Oversikt over økonomiske forhold
DMF kan ikke se å ha mottatt noen dokumentasjon på regnskaper for
tiltakshaver Tommeliten AS.


Svar: Eigar/drivar/konsesjonshavar svarar på dette direkte.

Valle den 28. okt. 2019

Plankontoret Hallvard Homme AS

Hallvard Homme

Vedlegg: bilet-dokumentasjon, alle biletene tekne 16. okt. 2019.




Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

post@plankontoret.no Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476




Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

post@plankontoret.no Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476




Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

post@plankontoret.no Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476




Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

post@plankontoret.no Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476




Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

post@plankontoret.no Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476



Plankontoret Hallvard Homme AS



Plankontoret Hallvard Homme AS, Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE

Avdelingskontor: Tangen 11, 4. etg., 4625 Kristiansand

post@plankontoret.no Telefon 379 37000 ORG.NR. 976010744MVA Bankkonto: 2890.05.26476

Føresegner- Innhold

| | |
|--|---|
| Reguleringsføresegner | 2 |
| 1 Generelt | 2 |
| 1.1 Reguleringsføremål (jfr. pbl § 25)..... | 2 |
| 1.2 Føremålet med reguleringsplanen | 2 |
| 2 Felles føresegner for reguleringsplan, driftsplan og avslutningsplan | 2 |
| 2.1 Krav til planane | 2 |
| 2.2 Rekkjefølgjekrav | 3 |
| 2.3 Dokumentasjonskrav | 4 |
| 2.4 Miljøforhold | 4 |
| 2.5 Automatisk freda kulturminne | 4 |
| 3 REGULERINGSFØREMÅL | 4 |
| 3.1 Byggjeområde (PBL § 25.1)..... | 4 |
| Område for fritidseiningar | 4 |
| 3.2 Landbruksområde (PBL § 25.2)..... | 4 |
| Jord- og skogbruk..... | 4 |
| 3.3 Offentlege trafikkområde (PBL § 25.3) | 4 |
| Køyreveg..... | 4 |
| Anna veggrunn..... | 5 |
| 3.3 Spesialområde (PBL § 25.6)..... | 5 |
| Privat veg og parkering | 5 |
| Friluftsområde (på land) | 5 |
| Kommunalteknisk verksemd- renovasjon | 5 |
| Frisiktzone ved veg..... | 5 |
| Område for massetak..... | 5 |
| Anna spesialområde; Riggområde | 5 |

Reguleringsføresegner

I samsvar med plan- og bygningslova av 14. juni 1985, nr. 77 med revisjonar, §§ 22-27-1 og §30, er det utarbeidd reguleringsplan for "Hæknemoen massetak". Reguleringsføresegnehene gjeld for området vist med plangrense på plankartet "REGULERINGSPLAN, Hæknemoen Massetak, del av gnr 3, bnr. 20" i Bykle kommune. Plankartet er datert 17. februar 2009, korrigert 17. april 2009. Målestokk på plankartet er 1:1000.

Innenfor reguleringsgrensa skal areala nyttast som vist på planen. Vedteken plan er bindande for arealbruk, frådeling og byggje- og anleggsarbeid innan planområdet. DRIFTSPLAN og AVSLUTNINGSPPLAN, godkjent av kommunen og Bergvesenet, følgjer med reguleringsplanen og er juridisk bindande for drift og avslutning av massetaket når planen er vedtatt.

1 Generelt

1.1 Området regulerast til følgjande føremål (jfr. pbl § 25)

- Byggeområde, §25.1 (område for industri, område for fritidseininger)
- Landbruk, §25.2 (jord og skogbruk)
- Offentlege trafikkområde, § 25.3 (køyreveg, anna veggrunn)
- Spesialområde, §25.6 (privat veg og parkering, friluftsområde (på land), kommunalteknisk verksemnd-renovasjon, frisiktsone ved veg, område for massetak, anna spesialområde; rigg-område)

1.2 Føremålet med reguleringsplanen

Føremålet med planen er å heimle vidare drift, avslutning og etterbruk av lausmassetak, samt etablering av utlegebustadar og industriområde på delar av eigedom gnr. 3, bnr. 20 på Hæknemoen i Bykle kommune.

2 Felles føresegnar for reguleringsplan, driftsplan og avslutningsplan

2.1 Krav til planane

- a) Anleggsarbeid skal ikkje skje i påska (Skjærtorsdag - 2.påskedag), pinse (pinseaftan – 2.pinsedag), jul (julaftan - 2. juledag), nyttårshelg eller offentlege høgtidsdagar.
- b) Driftsperioden avgrensast til 07.00-22.00, måndag – fredag.
- c) Drift i massetaket skal vera fullførd og avslutta i tråd med føresegnehene innan 15år etter at planen er godkjend i kommunestyret.

2.2 Rekkjefølgjekrav

- a) Før området settast i drift skal det være opparbeidd godkjent avkøyring frå Rv 9 med tilhøyrande frisiktsoner. Statens Vegvesen skal godkjenne dette.
- b) Driftsplanen for massetaket godkjennast av Bergvesenet, som skal føre tilsyn med drifta. Driftsplanen skal til ein kvar tid vere godkjend og skal ajourførast kvart 5. år eller etter nærmare avtale med Bergvesenet
- c) For vidare drift skal det vere inngått utbyggingsavtale mellom kommunen og grunneigar/entreprenør. I desse forhandlingane skal mellom anna følgjande tema avklarast:
 - a. Driftsforhold som ikkje er regulert i føresegndene til reguleringsplanen.
 - b. Detaljar i etterbruk.
 - c. Evt. oppretting av fond til avslutningskostnad.
- d) Etter at planen er godkjend i kommunestyret og godkjende avkøyringar og tilkomstveg til område er opparbeida skal drifta i massetaket følgje den etappevis drift og drivretning som vist i driftsplanen.
 - Etappe 1- og 2-områda er det som alt er påverka uttaksområde og skal ferdigstillast utan ytterlegare uttak. Driftsvegen inn til rigg-området etablerast og anna areal i etappe 1 og arealet aust for etappe 6 i etappe 2-området tilførast humushaldig masse for revegetering og seinare bruk til jordbruksføremål.
 - Etappe 3-5 utførast trinnvis ved at jordmassar avflåast frå eit område om gonga og lagrast opp i rigg-området før uttaket av området gjennomførast og avslutta bakkenivå etablerast iht. lengdesnitta til planen.
 - Ved avslutning av etappe 5-området etablerast ei slak stigning på omkring 15% opp til eksisterande terren og areal som ikkje skal inngå i etappe 6-området tilførast jordmassar for revegetering og seinare tilbakeføring til jord- og skogbruksføremål.
 - Innan etappe 6-området er det høve til å take ut massar inntil 4m ned i grunnen utifrå avslutta bakkenivå i dei andre etappeområda. Dette uttaket skal ved avslutning tilbakefyllast med lausmassar opp til avslutta bakkenivå iht. prinsippet i lendesnitta til planen.
- e) Før avslutningsarbeidet startast opp skal all utgraven masse fjernast frå området og alt driftsutstyr fjernast.
- f) Etter sluttført drift av massetaket skal avslutningsplanen gjennomførast. Lausmassar/jordmassar tilbakeførast heile det tidlegare uttaksområdet og rigg-området, iht. avslutningsplanen.
- g) Etter at avslutningsplanen er gjennomførd og godkjend gjeld desse juridiske reguleringsføremåla for områda:
 - a. **Jord og skogbruk** – Tidlegare uttaksområde og rigg-område. (Etterbruk som jorde i samband med eksisterande jorde vest for uttaksområdet. Området nord for påteikna ny 670m kote revegeterast til skogsområde med spleising til eksisterande terren).
 - b. Elles gjeld reguleringsføremåla fastsett i reguleringsplanen for området.

2.3 Dokumentasjonskrav

Ved byggjemedding for nye bygg i området skal det dokumenterast at byggjegrunden er fri for skadeleg radonstråling eller det gjerast byggjetekniske tiltak, radonsperre eller liknande.

2.4 Miljøforhold

- a) Støymåling og støyvurdering i massetaket skal gjennomførast første gong det vert etablert mobilt knuseverk. Målingane skal gjennomførast av tiltakshavar og rapport leggjast fram for planstyresmakta i Bykle kommune.
- b) I tørre periodar skal det iverksetjast tiltak med vatning for å minimere støvplage frå massetaket.
- c) Tiltakshavar er ansvarleg for at det vert iverksett avbøtande tiltak som slamfang eller liknande for å hindre skadeleg avrenning av finmatriale og slam til Krokebekk.

2.5 Automatisk freda kulturminne

Dersom det under anleggsarbeid skulle dukke opp freda kulturminne, må arbeidet straks stansast og regionaletaten varslast, jf. Kulturminneloven § 8.2.

3 REGULERINGSFØREMÅL

3.1 Byggjeområde (PBL § 25.1)

Område for industri (Trevarehandel/bygg og anleggsverksemd)

- a) BYA er sett til 35%
- b) Mønehøgde max. 11m

Område for fritidseiningar

- a) BYA er sett til 150 m²
- b) Mønehøgde max. 5,6m
- c) Takvinkel mellom 27-34°
- d) For kvar bueining skal det vera 2 parkeringsplassar

3.2 Landbruksområde (PBL § 25.2)

Jord og skogbruk

Ingen føresegner

3.3 Offentlege trafikkområde (PBL § 25.3)

Køyreveg

- a) Den kommunale vegen inn i området er regulert inn med eksisterande breidde.

Anna veggrunn

Ingen føresegner

3.3 Spesialområde (PBL § 25.6)

Privat veg og parkering

- a) Vegen inn til massetaket og industriområdet kan oppgraderast i ei breidde på 5m køyrebane.
- b) Stigningsforhold for den nye vegen skal vere på maksimalt 10% iht. lengdesnitta vedlagt i kap. 7.
- c) Vegen inn til hyttefeltet oppretthaldes med eksisterande breidde og det er høve til å legge ein vendehammar på enden av denne som vist på plankartet.

Friluftsområde (på land)

- a) Randsone til vassdrag, spesialområde friluftsliv, skal ha ei breidde på 15 m til Otra og 20 m til Krokebekken.

Kommunalteknisk verksemd- renovasjon

- a) Innan føremålet er det tillete å vedlikehalde og drifta søppelbua.

Frisiktsone ved veg

- a) Avkøyring frå Rv 9 skal opparbeidast med frisiktsone på 10x168m. I sona skal det ikkje vera sikthindringar høgare enn 0.5m.
- b) Avkøyring frå kommunal veg og inn til massetaket og industriområde skal opparbeidast med frisiktsone på 6x70m. I sona skal det ikkje vera sikthindringar høgare enn 0.5m.

Område for massetak

- a) Drifta av massetaket skal gjennomførast iht. rekkjefølgjeføresegne og krava til planen.

Anna spesialområde; Riggområde

- a) I området er det høve til å plassere driftsutstyr for drifta av massetaket. Det er også høve til å legge opp mellombels lagringsrankar for harpa lausmassar i området samt jordhaldige avflåingsmassar som skal tilbakeførast området ved avslutning av uttaket.
- b) Ved avslutningsarbeid i området skal rekkjefølgjeføresegne til planen oppfyllast.

Gvarv den 17. februar 2009

Korrigert 7. juni 2009 etter 1. g. handsaming i planutvalet

Plankontoret Hallvard Homme AS

Trond Ansten Eriksen

Trond Ansten Eriksen
Naturforvalter, Arealplanlegger
Plankontoret Hallvard Homme AS

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA:

Varsel om oppstart av planarbeid: **18.09.2008**

**Handsama første gang i det
faste utvalet for plansaker. Pl-sak.** **25.05.2009**

Utlagt til offentleg ettersyn i tidsromet:

**Handsama andre gang i det
faste utvalet for plansaker. Pl-sak.**

Godkjent i kommunestyret: **K-sak,**

Bykle den

.....
Ordførar

.....
Stempel

